



Vellukka samspel mellom Eva og Kristine

Ei spennande musikalsk reise i tida og geografien fekk dei oppleve som i kveld overvar konserten ved Eva G, Megyesi (orgel) og Kristine Herstad (tverrfloyte). Diverre kom det berre 20 og den nye kantoren fortente minst 10 gonger så mange. Ho er ein utruleg verdfull tilvekst til musikklivet i Kvinnherad, men så kjem ho også frå ein plass der musikk er sjølv livet. Ho reknar seg som ungarsk, men er født i ein liten rumensk by like

**over grensen. No bur ho i Odda.
Fløytist Kristine bur på Seimsfoss.**

Då Eva spela i Uskedalskyrkja fyrste gongen gav ho uttrykk for at ho likte orgelet og dermed var grunnlaget for konserten lagt. I kveld utnytta ho instrumentet som det kanskje aldri før har vore utnytta - med eit mektig høgdepunkt i ein Liszt-koral som heiter Nun danket alle Gott.

Det var ein musikalsk visitt til Ungarn, men ellers var kantoren innom både England, Tyskland, Frankrike og Italia og i tid gjekk ferda frå 1600-talet og ned til 1900-talet. Kristine spela vakkert saman med orgelet - julesongar og ei sonate av tyskaren Telemann - og det bør bli meir samspel mellom dei 2.

Dei andre komponistane som var representert var engelskmennene Green og Stanley, franskmennene Guilmant og Clerambault og italienaren Zipoli. Det var verkeleg ei inspirerende musikalsk reise gjennom Europa. Men eit innslag sakna vi - soknerådet med blomane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen